
Fra: Svein Arne Vågane
Sendt: torsdag 4. mai 2023 15:34
Til: Berit M Eskeland <berit.eskeland@alver.kommune.no>
Kopi: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: VS: Spm om verdi på areal/skog

Hei.

Eg har sett på arealet. Det står skog på parsellen i eit avgrensa omfang. Kantskogen nærast vegen nærmar seg hogstmoden, medan bakanforliggjande skog er ikkje det. Det er ikkje mykje skog, då det bakkant er ein bratt og noko høg bergskrent. I austleg retning avgrensar arealet seg såleis sjølv. Eg kan ikkje sjå at bruken av arealet vil påverke bakanforliggjande areal som tilkomst til dette etc. Dette med tanke på det som kjem fram i utkastet til avtalen pkt. 5 der «vanleg landbruksmessig bruk slik som i dag medrekna skogsdrift, planting m.m. skal derfor framleis kunne utførast uhindra.

100 kr/kvadratmeter for skogsareal tykkjest vere høgt sjølv med ståande kubikkmasse.

Til samanlikning vil god dyrka jord liggje på opptil kr 9000/daa altså kr 9/m². Dette gjeld ved sal av slikt areal og skogsareal er rekna som mindre verdt enn jordbruksareal.

For høg pris vil fort skape presidents i liknande saker. Kanskje ein heller kan leggje til grunn ein ein m²-pris på kr 5/m², men der ein set ein minstepris for erstatning på t.d. kr 5000/sak? OBS! kr 5/m² er òg høgt for skogsareal.

Eg vil for ordens skuld be dykk tenkje igjennom kva som ligg i ordlyden «godkjent av grunneigar» i avtaleteksten. Det er naturleg at det er slik, men kan dette medføre kostnader som ikkje er naudsynte. Kva skal grunneigar godkjenne? Opprydding eller er det andre tilhøve? Det beste er at tiltaket vert gjennomført i dialog med grunneigar etter kvart som arbeidet skrid fram og der det vert skreve referat – t.d. byggjemøtereferat – der det går fram kva ein er samde om til ei kvar tid. Mi erfaring er at om ikkje dette vert gjort, kan det kome fram mykje som ikkje vert «godkjent» i ettertid.

Eg vil òg peike på at det som står i pkt. 4 i avtaleteksten truleg ikkje stemmer lenger. Eg ser ikkje for meg at lensmannen opprettar ein skjønnsrett, men her tek eg kan hende feil...

Mvh Svein Arne Vågane

Fra: Berit M Eskeland <berit.eskeland@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 19. april 2023 14:28
Til: Svein Arne Vågane <svein.arne.vagane@alver.kommune.no>
Kopi: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: Spm om verdi på areal/skog

Hei!


Snakket litt med Laila om en avtaleforhandling vi holder på med, og hun ba meg kontakte deg.

Det gjelder rett til legging av VA-ledning over gbnr 316/1. Grunneier har ikke akseptert kommunen sin standardavtale.

Han har kommet med et nytt forslag til avtale, se vedlegg. Legger også ved kart som viser VA-ledningen.

Grunneier ønsker at kommunen skal kjøpe et areal på 300 m2 fordi han mener han ikke lenger kan bruke det.

Vi har ikke nytte av dette arealet, så det vil ikke være aktuelt for oss å kjøpe. Prisen er også uforholdsmessig høy mener vi.



Kartutsnitt, ca plassering av arealet han ønsker kommunen skal kjøpe vist med rød ring

Det vi lurer på er hvilken erstatning som vil være fornuftig i dette tilfellet?

Vi tenker at han må få erstattet skogen samt ulempen han blir påført ved at deler av arealet blir båndlagt.

Bare ta kontakt dersom du trenger mer informasjon!

Med helsing

Berit M. Eskeland | Rådgjevar Utbygging og avtalar

Telefon: 966 25 536

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE